

# Styremøte i Sotra Volleyballklubb



**Tid:** 18.12.2023

**Stad:** Klasserommet i Bildøyhallen

---

## Saker:

**1/4 Innkalling**

**2/4 Saksliste**

**3/4 Referat frå styremøtet 20. november 2023**

**4/4 Orienteringar**

- a) **Brannøving i Bildøyhallen (Vedlegg 1)**
- b) **Informasjon om vakthald/tilsyn i Bildøyhallen (Vedlegg 2)**
- c) **Endring av arbeidsoppgåver i høve heimekampar for H1**
- d) **Streaming av kampar**
- e) **Rent Idrettslag**
- f) **Fordeling av helgevakter i Bildøyhallen januar, februar og mars, 2024**
- g) **Val til verv i klubben**

**5/4 Dugnad RM-U19 laurdag og søndag, 6.-7. januar 2024**

**6/4 Oppsummering av seriehelga U19-lag 25. november 2023**

**7/4 Trener U11/U13-laga**

**8/4 Økonomi**

**9/4 Revisor**

**10/4 Årsmøte**

**11/4 Neste styremøte**

**12/4 Ymse**

---

**Orientering om sakene:**

**1/4 Innkalling**

Forslag til vedtak: Innkallinga vert godkjend.

**2/4 Sakliste**

Forslag til vedtak: Saklista vert gjedkjend.

**3/4 Referat frå styremøtet 20. november 2023**

Forslag til vedtak: Referatet vert godkjent.

#### **4/4 Orienteringar**

**a) Brannøving i Bildøyhallen (Vedlegg 1)**

Brev sendt til eigedomsavdelinga i kommunen.

**b) Informasjon om vakthald/tilsyn i Bildøyhallen (Vedlegg 2)**

**c) Endring av arbeidsoppgåver i høve heimekampar for H1**

Trenar friteken for enkelte oppgåver.

**d) Streaming av kampar**

**e) Rent Idrettslag**

Skjema for sertifisering er sendt inn.

**f) Fordeling av helgevakter i Bildøyhallen januar, februar og mars, 2024**

Forslag til Sotra Badmintonclub om fordeling er sendt.

**g) Val til verv i klubben**

Mikael Tangen orienterer leiar for valnemnda om å finna kandidatar til ulike verv i klubben:

Styreleiar, nestleiar i styret, vara til styret og kontrollutval.

Valnemnda si innstilling til kandidatar til dei ulike verva må sendast til styret seinast fredag 23. februar 2024.

Redigering av årsmøteinnkallinga med sakspapir vert gjennomgått på styremøtet 26. februar 2024.

#### **5/4 Dugnad RM-U19 laurdag og søndag, 6.-7. januar 2024**

Vert arrangert i Sotra Arena.

Kven gjer kva?

- Organisering av arrangementet
- Tilrettelegging av baner og sekretariat
- Funksjonærar og sekretariat
- Kiosk
  - Innkjøp
  - Personale i kiosken
  - Bord og stoler
- Rydding
- Evt. anna

#### **6/4 Oppsummering av seriehelga U19-lag 25. november 2023**

Kva fungerte?

Kva kan gjerast betre og kvifor?

#### **7/4 Treinar U11/U13-laga**

Geir André Thomassen gir seg som treinar for denne aldersgruppa.

Ny treinar må på plass tidleg i januar dersom Sotra Volleyballklubb skal ha eit tilbod til desse, 8-10 spelarane som møter på trening.

#### **8/4 Økonomi**

Jens Knabben presenterer eigenkapitalen til klubben pr 01.01.2024.

Kva inntekter kan klubben rekna med å få vår og haust 2024?

- Tilsyn i Bildøyhallen
  - Ny utlysing?
- Kontingentar og treningsavgifter
- Sponsor
  - Ingen for tida
- Kiosk
  - Lite overskot
- Annan dugnad

Må treningsavgifta aukast for å få eit budsjett i balanse?

Dette må styret ta stilling til før årsmøtet.

#### **9/4 Revisor**

Norges Volleyballforbund krev at revisor godkjenner rekneskapen før rapportering.

#### **10/4 Årsmøte**

Forslag til vedtak: Digitalt årsmøte 18. mars 2024, kl. 18:00-19:00

Fordeling av oppgåver og tidspunkt for innsending av saker til årsmøtet vert sak på neste styremøte.

#### **11/4 Neste styremøte**

Forslag til vedtak: Måndag 22. januar 2024.

#### **12/4 Ymse**

# Vedlegg 1

Gmail - Brannøving i Bildøyhallen/tilkomst til hallen

<https://mail.google.com/mail/u/1/?ik=9db41c2213&view=pt&search=a...>



Mikael Tangen <mikael.tang1@gmail.com>

---

## Brannøving i Bildøyhallen/tilkomst til hallen

---

Mikael Tangen <mikael.tang1@gmail.com>

5. desember 2023 kl. 14:07

Til: Ivar Einarsen <Ivar.Einarsen@oygarden.kommune.no>, Christel Møvik-Olsen <Christel.Movik-Olsen@oygarden.kommune.no>

Sotra Volleyballklubb vil gjennomføra brannøving med brukarane som trenar eller har arrangement den tida klubben har ansvar for tilsyn/vakthald.

Brannøving på kveldstid, haust og vinter, er vanskeleg å gjennomføra fordi store delar av uteområdet ved Bildøyhallen er mørklagt. Vi finn heller ikkje opplysning for tilvist oppstillingsplass etter evakuering (kanskje vi har oversett noko?).

Å ta seg fram til Bildøyhallen på kveldstid, haust og vinter, er vanskeleg for fotgjengarar sidan store delar av uteområdet er mørklagt, både veg og trapper.

Brukarane som køyrer eller vert køyrd heilt fram til hallen, møter trange parkeringsforhold og må rygge og snu mykje. Dette kan skapa farlege situasjonar i kombinasjon med dårleg belysning.

Vonar dette vert retta på.

Mikael Tangen  
Stytleiar Sotra Volleyballklubb

# Vedlegg 2

Gmail - Informasjon om vakthald

<https://mail.google.com/mail/u/1/?ik=9db41c2213&view=pt&search=a...>



Mikael Tangen <mikael.tang1@gmail.com>

## Informasjon om vakthald

Mikael Tangen <mikael.tang1@gmail.com>

10. desember 2023 kl. 19:09

Til: Renate Turøy <renateturoy78@gmail.com>, Nils Ivar Brennhaug <nilsib@asageilin.info>, markus borge <markusborge1@hotmail.com>, Vegard Asphaug Mortensen <vegard.a.mortensen@gmail.com>

Trenarane til desse laga - H1, H2 og D2 - må gå tilsynsrunde med spelarane og peika på og visa kva som må gjerast før hallen vert låst etter trening eller andre arrangement.

Denne sjekklista skal følgjast opp etter treningar og andre arrangement:

- Alle vindauga skal vera lukka (klasserom, kiosk og korridorar)
- Alle vasskranar og dusjar skal vera stengde (garderobar, toalett, vaktrum og kiosk)
- Alle dører skal vera låste (utgangar, naudutgangar, innedører, toalett, vaktrum og kiosk)
- Alle lys skal vera slått av (lysa i garderobe 5 og 6 får de ikkje slått av)
- Hovudinngangsdører skal vera låste (lås og smekklås)

Trenarane får liste over laga. Set kryss ved namnet på spelar som har delteke på tilsynsrynde. Lista skal leverast med eitt eksemplar til Vegard Mortensen og eitt eksemplar til Mikael Tangen. Trenarane har eitt eksemplar sjølve for å fylla opp lista. Vegard og Mikael må informerast etter kvart som fleire får gjennomført tilsynsrunde. Berre dei som har gått tilsynsrunnen, er aktuelle som tilsynsvakter.

Tilsynsrunnen må vera gjennomført i løpet av veke 50.

I tillegg har Øygarden kommune laga ei meir omfattande sjekkliste. Du må sjå kva som står der og følgja det opp etter arrangement:

<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/kultur-idrett-og-fritid/leige-av-bygg-og-anlegg/tilsynsvakt-ved-kommunale-bygg-og-anlegg/bildoyhallen.45175.aspx>

Trenarane må også gjera seg kjende med hjartestartar og undervisa spelarane i bruken av den. Trenarane må også ha ei brannøving med spelarane ein gong for året. Praktisk opplegg for brannøving kjem vi tilbake til.

Kommunen er gjort kjend med at brannøving ikkje vert gjennomført før lysforholda utanfor hallen vert betre. Betre lysforhold på tilkomstveggar til hallen har vi også etterlyst.

Har du spørsmål, så ta kontakt med meg.

Mvh  
Mikael Tangen  
Styreleiar Sotra Volleyballklubb

### 6 vedlegg

 Medlemsliste D2 - PDF.pdf  
38K

 Medlemsliste H2 - PDF.pdf  
36K

 Medlemsliste H1 - Excel.xlsm  
9K

 Medlemsliste D2 - Excel.xlsm  
9K

 Medlemsliste H2 - Excel.xlsm  
9K